

# SLUTTRAPPORT

Prosjekt:	Grøn næringsutvikling
Dato:	24.10.22
Prosjektleder:	Trine Grøtnebø
Prosjektansvarleg:	Sogn regionråd
Prosjektgruppe:	Alf Einar Karlsen og Trine Grøtnebø

## 1. SAMANDRAG

Regionalplan for Sogn 2021-2024 sitt hovudmål er at «Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande». «Grøn næringsutvikling Sogn» er eitt av ti satsingsområde i regionalplanen der ein skal avklare korleis regionrådet kan jobba vidare med grøn næringsutvikling som eit fellesprosjekt, og korleis rådet bør innrette eit eventuelt hovudprosjekt. Kunnskapsgrunnlaget i prosjektet Grøn region Vestland vil inngå i det regionale prosjektet «Grøn næringsutvikling Sogn».

Kva er Grøn næringsutvikling? Grøn næringsutvikling er utvikling av produksjon og næringsaktivitet i ein retning som gjer den meir berekraftig for miljø og klima, i tråd med FN sine berekraftsmål.



Den nederste ringen i figuren er grunnmuren for grøn næringsutvikling. Klima, natur og vern om artane våre. Dette er også dei tre krisane i verden i dag. Korleis skal ein jobbe med næringsutvikling og samstundes verne om grunnmuren.

Prosjektplanen for forprosjektet peikar på at det er potensiale for vekst i nye og eksisterande verksemdar som tek del i det grønne skiftet. Marknadane for fornybar energi, reinare produkt og grøn teknologi er i vekst. Sogn har eit rikt ressursgrunnlag og vil arbeida for auka bruk av energiresursane lokalt.

Regionen har ein sterk posisjon nasjonalt innan frukt og bær. Dette er ei næring i vekst som sikrar eit aktivt landbruk og styrkar matforsyninga i Norge. Miljøa i Sogn ser på auka samarbeid og nye satsingar som regionrådet stiller seg bak og ønskjer å sikra gode rammevilkår for framover.

Prosjektplanen peikar og på at regionen kan jobba saman for å sikre at dei viktige næringane i vår region som sysselsett flest (prosessindustri, el-produksjon, anna industri, landbruk) i enno større grad enn til no samarbeider. Auka samhandling i regionen om kompetanseutvikling og innovasjon, vil sikra læring og kunnskapsutveksling på alle nivå.

Prosjektet hadde 3 resultatmål.

Regionrådet skal:

- a) arbeida for auka bruk av energiresursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.
- b) leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.
- c) styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.

Resultatmål 1 og 3 er retta mot spesifikke næringar, kraftindustrien og grønt-sektoren. Resultatmål 2 er retta mot alle næringar i regionen. Resultatmål 1 omfatta eit komplekst område med mange aktørar og mange pågåande prosjekt. I resultatmål 3 er det mange små aktørar og her har me i hovudsak retta fokuset mot den samlande aktøren Sogn Frukt og grønt.

Under alle delmåla er det fleire prosjekt på gang som omfattar grøn næringsutvikling. Dei fleste bedriftene har fokus på dette og hjå mange er det ein naturleg del av drifta, ikkje berre eit «sideprosjekt». Nokon har gjort små grep for å møte krava frå marknaden medan andre tenker berekraft/grønt i alt dei gjere.

Eit fellestrekk for bedriftene er at nok og rett kompetanse blir ei stor utfordring framover. Bedriftene har og lite kjennskap til kva kompetanse som finnest på tvers av bygdene og bedriftene.

Sogn regionråd bør støtte opp under eksisterande prosjekt og skape arena for kompetansedeling og synergjar på tvers av bedrifter, kommunar og næringar. Sogn regionråd bør også vere med og «sette retninga» for kommunane innan grøn næringsutvikling, og grøn næringsutvikling må vere ein overordna målsetjing for all aktivitet i kommunane i Sogn regionråd.

## **2. GJENNOMFØRING I FORHOLD TIL PROSJEKTPLAN**

Prosjektgruppa har følgd aktivitetsplanen som vart laga i starten av prosjektet. Det var naudsynt med nokre korrigeringar undervegs og både starttidspunkt og sluttdato er endra noko på. Sluttdato er forskyvd med ca 2 veker, i hovudsak på grunn av at intervjudelen tok lenger tid enn forventa. Prosjektet «Teknologi og digitalisering» er eit anna prosjekt i regi av Sogn regionråd som er gjennomført parallelt med prosjekt «Grøn næringsutvikling». Funna frå dette prosjektet var nyttige

og prosjektgruppa ville ha tid til å ta inn dette i analysearbeidet. Grøn næringsutvikling og teknologi og digitalisering heng tett saman hjå mange bedrifter.

### **Hovudaktivitetar**

Prosjektgruppa har kartlagt behovet i kommunane ved å intervju bedrifter og andre interessentar. Det er gjennomført 28 intervju med bedrifter i ulike bransjar i alle kommunane i Sogn. I tillegg er kunnskapsgrunnlaget frå rapporten Grøn region Vestland lagt til grunn for arbeidet med sluttrapporten.

Det var noko utfordrande å få avtalt intervjutidspunkt med bedriftene. Tanken var å ha flest moglege fysiske intervju og samle bedriftene i ei bygd på same dag. Dette vart utfordrande, og det vart difor gjennomført fleire teams intervju enn fyrst tenkt. Teams intervju fungerte godt. Alle sa ja til opptak av intervju. Dette var nyttig, men tidkrevjande å transkribere intervju i etterkant. Nokre få av bedriftene svarte aldri på telefon, sms eller e-post og vart difor ikkje intervju.

### **Statusmøte, avgjerslepunkt**

Det var planlagt 3 styringsgruppemøter i forprosjektet og desse er gjennomført. Eit utkast til sluttrapport vart sendt ut i forkant av siste styringsgruppemøtet.

Styringsgruppemøta har fungert godt som oppsummering og sparringsmøte for prosjektgruppa. Prosjektgruppa har fått gode innspel og anbefalingar.

Prosjektgruppa har hatt fleire møter undervegs i prosjektet.

## **3. MÅLREALISERING**

Målet med forprosjektet er å avklare korleis regionrådet kan jobba vidare med grøn næringsutvikling som eit fellesprosjekt. Prosjektgruppa kjem med ei anbefaling i punkt 7 i rapporten.

### **Målevaluering**

Resultatmål 1:

Prosjektplanen peikar på at marknadane for fornybar energi, reinare produkt og grøn teknologi er i vekst, og at det finnest eit rikt ressursgrunnlag i Sogn. Sogn regionråd vil arbeida for auka bruk av energiressursane lokalt. Det er i dag eit energioverskot som går ut av regionen og som blant anna gjev eit stort energitap i overføringsnettet. Det er i tillegg store energiressursar som ikkje blir nytta i kommunane i Sogn, men som blir overførde til Vestland fylkeskommune. Auka bruk av denne energien lokalt kan vera med å trekke til oss ny aktivitet og sikre vekst og utvikling i vår region. Omstilling og nye grønne næringar handlar også ofte om fornybar energi og er avhengig av gode tilgang på fornybar kraft. Rammevilkåra må sikrast for vidare vekst i næringslivet.

Intervju viser at det er mange gode prosjekt på gang i kommunane. Fleire er i gang med kartlegging av energiressursane i eigen kommune. Det er mykje godt samarbeid innad i kommunane mellom netteigar, bedrifter og Statnett. Fleire av kommunane ser på moglegheitene for å nytte energiressursane smartare og meir lokalt.


Det er liten samhandling mellom kommunane på dette området, men det er nokon pågåande prosjekt der fleire kommunar jobbar saman. Eksempel på prosjekt er «kraftprosjektet» til nettverk

for industrikommunar der Høyanger og Årdal er med, og «kraftoverskot som grønt konkurransefortrinn for lokalt næringsliv» der Sogndal, Vik og Luster er med.

Kartlegging av energiressursane har vore viktig for fleire av kommunane. Intervjua viser at det ikkje alltid er god nok kunnskap om faktisk tilgjengeleg kraft og det reelle behovet i framtida. Kommunikasjonen innad i kommunane har vore for dårleg. Fleire kommunar har no satt i gang gode kartleggingsprosjekt. Kommunane og næringa har i hovudsak fokus på vasskraft, det er lite snakk om vind, sol og andre typar fornybare energikjelder.

Det er ulik oppfatning i kommunane korleis ein skal bruke energiressursane. Det er ulike oppfatningar om bruk av konsesjonskraft og det er ulike oppfatningar om korleis ein skal tiltrekke seg nyetableringar i form av rimeleg straum.

Grøn region Vestland sin rapport peikar på at tilgang på fornybar kraft er ein føresetnad for å lykkast. Manglar ein kraft kan heile den sirkulære kjeda stoppe opp, og både klimaeffektar, verdiskaping og arbeidsplassar i Vestland gå tapt til land og regionar som står klar med infrastrukturen.



#### Konklusjon:

Det er behov for «vaksenopplæring» rund bruk av energiressursane. Kommunane trenger ikkje vere einige om korleis ein skal bruke ressursane i dei ulike kommunane, dette vil vere opp til kvar enkelt kommune kva dei prioriterer. Kvar enkelt kommune har sine utfordringar og satsingsområde der ulik bruk av energiressursane vil vere nyttig. Det er viktig at alle skjønar konsekvensane av vala dei tek. Kva har det å seie for økonomien i kommunen? Kva har det å seie for innbyggjarane? Kva har det å seie for miljøet? Kommunane i Sogn vil truleg vere attraktive berre på grunn av tilgangen på garantert fornybar energi. Det er ingen grunn til å selje kraft på «billegsal». Kommunane må og vere bevisst på kva bedrifter dei ynskjer å tiltrekke seg. Sogn regionråd si satsing på grøn næringsutvikling forpliktar, og dette må gjenspeglast i vala kommunane tek.

Det er viktig at kommunane kartlegge energiressursane og kva potensiale som ligg der. Dersom regionrådet har ei felles oversikt over energiressursane i alle kommunane i Sogn, kan eksempelvis ei bedrift som ikkje får etablere seg i ein kommune få moglegheiter i ein anna kommune. I ei slik kartlegging er det viktig å ta med all potensiale for fornybare energikjelder som f.eks sol, vind, bioenergi.

Regionrådet si rolle bør vere å synleggjere eksisterande energiressursar og planlagd utvikling i kommunane, samt synleggjere eksisterande kompetanse og skape arena for kompetansedeling, for på denne måten å skape synergjar og samarbeid på tvers av kommunane og bedriftene.

## Resultatmål 2:

Prosjektplanen peikar på at regionen kan jobba saman for å sikre at dei viktige næringane i vår region som sysselsett flest (prosessindustri, el-produksjon, anna industri, landbruk og reiseliv) i enno større grad enn til no samarbeider. Auka samhandling i regionen om kompetanseutvikling og innovasjon, vil sikra læring og kunnskapsutveksling på alle nivå.


Intervjua viser at dei fleste bedriftene har fokus på grøn næringsutvikling. Fleire har ein marknad som stiller krav der det å tenke grønt er ei føresetnad for vidare drift. Som uttalt i intervjua er det ikkje lenger snakk om eit prosjekt om grøn næringsutvikling, men all aktivitet i bedrifta er grøn næringsutvikling.

Det er mange pågåande prosjekt innan grøn næringsutvikling i Sogn, både i regi av bedriftene, i kommunane og i næringsapparata. Det er lite eller ingen kunnskap om kva andre held på med innan området, og kva kunnskap som finnest i andre bedrifter / miljø. Det er også lite kunnskap om og kontakt med næringsapparata, regionrådet og Fylkeskommunen.

Årdal er den kommunen med størst klimagassutslepp av alle kommunane, Høyanger er nummer 2. Figuren nedanfor viser ei oversikt over utslepp fordelt på kommunane.

Aurland, Lærdal, Vik, Luster, Sogndal, Høyanger og Årdal

Graf Tabell



Kilde: Miljødirektoratet

Grafen viser utslepp av dei tre klimagassane CO2, metan og lystgass.


Det at Årdal og Høyanger peikar seg ut som dei kommunane med størst utslepp gjer dei også til den kommunane med størst potensiale i det grønne skiftet. Årdal kommune er gjennom Årdal Teknologipark og den industrielle symbiosen H2Food ein av dei grønne Hubane i Grøn region vestland. Høyanger er ein Hub gjennom prosjektet «Sirkulære Høyanger».

Vestland Fylkeskommune har gjennom prosjektet «Grøn region Vestland» hatt som mål å identifisere konkurransefortrinn, verdikjeder og satsingsområde med stort potensial for verdiskaping og grøn konkurransekraft i Vestland. Analysen frå prosjektet viser at bygging av dei «grønne hubane» og industriell symbiose vil skape og skalere dei nye grønne verdikjedene. Samtidig viser analysen at ein ikkje er rigga for å realisere dei identifiserte moglegheitene i Vestlandsporteføljene og dei regionale porteføljene. Dei grønne arbeidsplassane kan raskt forsvinne ut av Norge og Vestland om ein ikkje

aukar tempo. Analysen peikar og på at me må bygge grøn infrastruktur for å lykkas, og at industriklyngene har det klart største potensialet for klimagevinstar, grøn næringsutvikling og arbeidsplassar basert på industriell symbiose.

Vestland Fylkeskommune viser i rapporten Grøn region Vestland ei tydeleg samanheng mellom verdiskaping i dag, størst utslipp og potensiale for framtidig grøn vekst. Den fyrste figuren frå rapporten grøn region vestland viser samanhengen mellom verdiskaping, utslipp og transformasjonsbehov. Den andre figuren viser kor det er størst potensiale for industrielle symbiosar.

Det er en tydelig sammenheng mellom hvor verdiskapingen i dag er størst, hvor punktutslippene er og hvor transformasjonsbehovet er størst





### De «grønne hubene» må realiseres for å «gare» nye verdikjeder


I de strategiske grønne hubene finner vi størst potensiale for industriell symbiose på tvers av verdikjeder.

Industriell symbiose kan skapes ved at aktører samarbeider og utveksler energi og materialstrømmer for å øke økonomisk gevinst og redusere avtrykket fra aktivitetene. Dette innebærer også industriell forfetting.

Biprodukter fra en verdikjede benyttes av flere aktører og oppsirkuleres i ny verdikjede. Dette bidrar til reduserte totalt ressursforbruk, reduserte innsatsfaktor-kostnader, energigjenvinning, reduserte CO<sub>2</sub>-utslipp (redusert CO<sub>2</sub>-avgift), og oppsirkulering av biprodukter til verdi. Industriell symbiose på en lokasjon gir også aktørene som etablerer seg konkurransefordeler i form av reduserte transportkostnader og redusert effekttap.




Sjølv om Vestland Fylkeskommune peikar på industrikommunane som dei med størst potensiale, er det viktig for regionrådet å også ha fokus på det som skjer i andre næringer i kommunane i Sogn. I figuren nedanfor har ein fjerna tala frå industrien, og ein ser tydelegare utslappa i dei andre næringane i kommunane.



Grafen viser utslepp av dei tre klimagassane CO2, metan og lystgass.

Det som kom tydeleg fram av intervjuet er at det er eit ynskje om og behov for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid innan grøn næringsutvikling. Det er også noko av det same Vestland Fylkeskommune peikar på som nokon av barrierane for å lykkast med grøn næringsutvikling.

Sitat frå intervjuet:



Konklusjon:

Det er eit ynskje om og behov for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid innan grøn næringsutvikling. Møteplassar for kunnskapsdeling og samarbeid er lagt stor

vekt på. Det er viktig at rammene rundt dette vert tilpassa bedriftene, som for eksempel relevante og tidseffektive møtearenaer.

Regionrådet må bygge opp under eksisterande prosjekt, men også vere kritiske til kva prosjekt som bør prioriterast, er alle prosjekta riktig mhp å nå måla? Ein bør samla og spissa seg meir og sette meir kraft inn mot dei prosjekta som gir størst effekt. Kartlegginga til Grøn region Vestland viser også at ein i for liten grad løfter dei regionale prosjekta i samanheng, for eksempel i ein samla hydrogenplan eller samla bioplan.


Ein del av prosjekta i regionen overlappar tilsynelatande kvarandre. Dei er likevel viktige då dei er med på å skape merksemd og kompetanse rund grøn næringsutvikling. Det er behov for ekstra fokus på dette området i alle kommunane i tida framover.

### Resultatmål 3:

Prosjektplanen slår fast at regionen har ein sterk posisjon nasjonalt innan frukt og bær. Dette er ei næring i vekst som sikrar eit aktivt landbruk og styrkar matforsyninga i Norge. Prosjektplanen peikar på at miljøa i Sogn ser på auka samarbeid og nye satsingar som regionrådet stiller seg bak og ønskjer å sikra gode rammevilkår for framover.

Sogn frukt og grønt har etablert seg som ein stor samlande aktør innafor frukt og grøn-sektoren i Sogn. Sogn frukt og grønt har 140 medlemmer frå heile Sogn. Selskapet har og etablert Sognsmak AS.

Grønt næringa i Sogn jobbar godt innad i si næring. Dei har klart å samle mesteparten av næringa i eitt selskap. Det er likevel tilbakemeldingar på at det kan verer potensiale for samarbeid på tvers av næringar. Dette er særleg kopla opp mot teknologi og digitalisering. He finnest det potensiale for nyutviklingar. Høgskulen i Vestland har allereie eit testprosjekt på bringebærplukkerobotar. Det er også eit prosjekt i Lærdal der tre bønder har testa ut klimakalkulator på potet. Grønt sektoren er flinke til å utvikle seg og søke kunnskap utanfrå. Det har ikkje vore so vanleg å sjå på tvers av næringar. Her kan det ligg eit potensiale.



### Konklusjon:

Regionrådet si oppgave bør vere å bygge opp under denne felles store aktøren i grøntsektoren i Sogn. Ein bør og skape arenaer for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid, både innad i næringa men også på tvers av næringar.



#### 4. PROSJEKTORGANISERING OG RESSURSDISPONERING

Prosjektorganiseringa har fungert relativt bra. Organisering med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe er ein god måte å organisere på. Prosjektgruppa har bestått av to personar, ein frå Årdal Utvikling og ein frå Sitep. Prosjektgruppa kunne med fordel bestått av ein person til som kunne vore frå ein anna kommune.

Styringsgruppa har fungert bra. Her har ordførarar frå Lærdal, Luster og Aurland delteke saman med næringsrådgjevar frå Aurland, klimarådgjevar for ÅLA kommunane og representant frå Simas. Prosjektgruppa har fått gode innspel og råd. Enkeltpersonar i styringsgruppa har blitt nytta også utanom styringsgruppemøta, desse kunne med fordel blitt brukt endå meir inn i prosjektet.

#### 5. KOSTNADER OG FINANSIERING

Budsjettet og finansieringa for prosjektet såg slik ut:

Budsjett	2022
Prosjektleiar inkl alle kostnader	kr 100 000
Arbeidstid for deltaking i prosjektet	kr 200 000
Samla budsjett	kr 300 000
Finansiering:	
Midlar Sogn regionråd	kr 100 000
Eigeninnsats frå kommunane og regionrådet	kr 200 000
Samla finansiering	Kr 300 000

Prosjektet er innafor budsjetttramma.

#### 6. VIKTIGE ERFARINGAR

Det tok lang tid frå prosjekta vart bestemt at skulle gjennomførast til dei vart starta opp. Dette bør unngås ved seinare prosjekt. Mykje var skjedd i mellomtida. Grøn region Vestland var ferdige med sin rapport og fleire prosjekt innan grøn næringsutvikling starta opp. Ein kan spørje seg om prosjektet hadde blir vedteke gjennomført dersom det var foreslått i dag.

Intervjua tok lengre tid enn planlagt. Prosjektgruppa hadde satt av for lite tid til analysedelen av intervjua. Ein ser i etterkant at ein skulle satt av tid til å gått gjennom kvart intervju rett etter intervjuet fant stad.

Prosjektgruppa brukte lang tid på å lage intervjuguiden, fyrsteutkastet var omfattande med mange spørsmål. Ein ser i ettertid at dette var bortkasta, og intervjuguiden vart korta ned drastisk. Prosjektgruppa kunne med fordel gått nærmare gjennom intervjuguiden med styringsgruppa og fått innspel på dette i fyrste styringsgruppemøte.

Funna frå prosjektet «Teknologi og digitalisering» har vore nyttig for dette prosjektet, og ein ser at grøen næringsutvikling og teknologi og digitalisering heng tett saman hjå mange bedrifter.

## 7. AVSLUTNING

### Konklusjon:

Det ein ser i analysen er at det er mange samanfallande prosjekt innan grøen næringsutvikling i regionen. Det er eit behov for å synleggjere pågåande prosjekt, kompetanse og potensiale for samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn. Dette er felles for alle resultatmåla og er den oppgåva me meiner regionrådet bør ha i ei vidareføring av forprosjektet.

Skal ein klare å nå klimamåla fram mot 2030 og 2050 er samarbeid ein føresetnad. Prioritering for å få realisert dei prosjekta som gir størst «utbytte» vil og vere viktig.

Grøen region Vestland må vere «rettesnora» til regionrådet. Intrykket er at kommunane og regionrådet i for liten grad har eit forhold til Grøen region vestland og det viktige arbeidet som pågår der.

### Forslag om vidareføring:

Delmål 5 i prosjektplanen seier at sluttrapporten skal svare på delmåla og gje ei tilråding om ein bør gå vidare inn i eit hovudprosjekt. Med bakgrunn i funna tilrår prosjektgruppa at Sogn regionråd ikkje set i gang eit hovudprosjekt som endar opp med å bli enda eit prosjekt innanfor grøen næringsutvikling. Grøen næringsutvikling må vere ein overordna målsetjing for all aktivitet i kommunane i Sogn. Sogn regionråd bør støtte opp under eksisterande prosjekt men også tore å vere kritiske. Sogn regionråd bør vere med og «sette retninga» for kommunane innan grøen næringsutvikling.

Regionrådet bør som eit resultat av forprosjektet ha som mål å:

- Kartlegge og synleggjere kompetansen innan Grøen næringsutvikling i Sogn
- Skape arena(møteplassar) der bedrifter, kommunar og andre kan dele kunnskap og skape potensiale for synergjar og samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn.
- Bruke relevant kompetanse i kommunane til å opplyse politikarar og kommuneadministrasjon i forkant av viktige avgjersler som skal tas i kommunane og regionen i alle forhold som kan ha innverknad på det å nå klimamåla.
- Lage kriterieliste over kva type nye bedrifter ein ynskjer skal etablere seg i Sogn
- Vere pådrivar for at kommunane brukar og engasjera seg i planane til Vestland Fylkeskommune, eks. Klimaplan, Grøen region Vestland. Korleis kan dei kommunane som ikkje er Hub ta ei rolle i Grøen region Vestland?
- Vere pådrivar for at kommunane prioritera tilskot til dei bedriftene som har fokus på grøen næringsutvikling.
- Vere med og skape tillit og openheit – felles mål om å løyse noko som er større enn enkeltkommunane

Me føreslår at regionrådet legger til rette for og følger opp at dei arena i Sogn som er egna for kunnskapsdeling innanfor grøn næringsutvikling vert brukt. Dei naturlege arenaene i dag kan for eksempel vere Årdal Teknologipark, Sogn frukt og grønt, Vite Meir på Kaupanger og Luster miljøstasjon. Det er i tillegg fleire av prosjekta som er i gang som vil skape gode arenaer for kunnskapsdeling, som for eksempel «Pilot for regional satsing på ombruk i Indre Sogn» i Lærdal og «Kaupanger sirkulere industripark».

Prosjektgruppa ser det ikkje som naudsynt å sette ned eit eige hovudprosjekt for å vidareføre aktivitetane, men at dagleg leiar i Sogn regionråd har ansvar for oppfølging av vidareføringa og har med seg ei ressursgruppe i arbeidet, med personar frå næringsnettverket.